



Fylkesmannen i Hordaland
Helse- og sosialavdelinga
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar: 2017/2207

Vår: 17/645 - 17/18413

Saksbehandlar:

Bernt Fjordheim

Bernt.Fjordheim@lindas.kommune.no

Dato:

20.06.2017

Lukking av avvik etter tilsyn - Lindås kommune - april 2017 - Rettstryggleik ved bruk av tvang og makt overfor personar med psykisk utviklingshemming

Syner til Fylkesmannen sin rapport frå tilsyn med Lindås kommune 30.05.2017, referanse 2017/2207
Fylkesmannen gjennomførte tilsyn med Lindås kommune 25. og 26 april 2017, om rutinar og praksis knytt
til bruk av tvang og makt i tenesteytinga til personar med utviklingshemming.

Under tilsynet vart det avdekket eit avvik:

«Lindås kommune brukar tiltak som dei definerer som tvang i akutte naudsisuasjonar mot ein
tenestemottakar, utan at dette er meldt til Fylkesmannen i form av enkeltmeldingar».

For å lukke dette avviket har Lindås kommune sett i verk følgjande tiltak som er innarbeidd i gjeldande
prosedyre:

1. Det skal gjennomførast risikovurdering i høve til situasjonar som kan medføre bruk av tvang og makt mot den einskide brukar minst ein gong årleg. Det skal også gjennomførast risikovurdering overfor nye brukarar, og dersom brukarar endrar åtferd og/eller funksjonsnivå.
2. Leiarar på alle nivå skal etterspørje situasjonar og hendingar der tvang og makt har vorte nytta, eller der tenesteytarar er usikker på spørsmål om desse problemstillingane.
3. Dersom det oppstår situasjonar der ein er usikker på om eigen eller andre sin praksis skal reknast som tvang og makt etter Helse og omsorgstanestelova kap 9 eller Pasientrettighetslova kap 4a, skal dette straks nedteiknast og snarast råd drøftast med dagleg leiar/avdelingsleiar eller overordna fagleg ansvarleg/einingsleiar. Enkeltmeldingar skal sendast inn ut frå kva lav dei 2 lovane som vert nytta.
4. Spørsmål om tvang og makt i tenesteytinga skal rettast til avdelingleiar eller einingsleiar. Dersom ein ikkje finn svar i lovverket, skal desse kontakte spesialisthelsetenesta eller Fylkesmannen for råd.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



5. Manglande rapportering av bruk av tvang og makt, og brot på prosedyrar som omhandlar tvang og makt, skal meldast som avvik i Lindås kommune sitt avvikssystem, og avviket skal handsamast av næraste leiar.

Med helsing

Bernt Fjordheim
einingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Overordna prosedyre ved bruk av tvang og makt pr 15.06.17

Kopi til:

Leni Dale

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN